



Kjersti Vikebø Nesse

Ikkje offentleg  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.  
ledd nr. 1

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4412 - 17/3913

Saksbehandlar:

Irene Hystad Hugaas

irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

01.03.2017

## Referat frå møte i Samarbeidsutval Grasdal skule 23.02.17

Til stades: Kjersti , Gunn Torill, Maren, Sindre (FAU hadde 1 vara som møtte) Malin og Nilla Maria (2 elevar frå elevrådet) rektor , 1 lærar møtte ikkje

### 1/17 Gjennomgått og godkjent referat frå møtet i skulemiljøutval og samarbeidsutval 16.11.2016

SU vil følgje opp saka om å finne eit eigna uteskule-område. Det er viktig for skulen, for at også større elevar kan vera meir ute i naturen. Foreløpig brukar skulen og sfo dei områda som også barnehagen brukar, og er mykje i området på oppsida av vegen mot Krossfjellet. Vi kan ta kontakt med grunneigarar der for vidare samarbeid.

### 2/17 Orientering frå rektor:

- Realfagsstrategi for Meland skulane og barnehagane, er ute på høyring. FAU får orientering. Skulen held på å lage ein eigen lokal handlingsplan.
- Vurderingspraksis i skulane skal evaluerast av foreldre, lærarar, elevråd. No er det noko ulik praksis, der Vestbygd og Grasdal skule har muntlege utviklingssamtalar og brukar Visma vurderingssystem til kollegialt samarbeid, og dei andre skulane har opna tilgong i Visma for at foreldre skal lese vurderingane i forkant av samtalen. FAU får anledning til å uttale seg.

### 3/17 Utbygging

Rektor orienterte om tidsplan og framdrift, og plan for innkjøp av inventar.

- Sjå vedlegg om situasjonsplan for uteområde som no er vedteke. Uteområdet er noko av det siste som blir ferdig, fordi vi treng modulbygga til klasserom, og asfaltering skal skje i ein eingong.
- Taket på eksisterande bygg skal skiftast, og ein del dårleg kledning. Det startar Nævdal bygg med no rett etter vinterferien, på baksida av skulen. Rektor og verneombod deltek i planlegging av sikring , stillas, byggegjerder og trygg adkomst for elevar og tilsette. Rektor informerer tilsette på its learning, og skal informere på heimesida og sende ut infoskriv til foreldre.
- Nævdal bygg skal starte arbeidet bak skulekjøkkenet og scenen no i veke 10, og vi må rydde og tømme sfo-kjøkkenet og lagerrom. SFO kan nytte skulekjøkkenet i mars, men må nok ha matpakke med i april – juni.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Parkeringsplass planlegg ein no å legge til området mellom barnehagen og skulen. Rektor har ikkje fått teikningar enno. Elevane kommenterer at ein må sikre trygg ferdsel på fortauet.
- FAU-representant har innspel om at det blir viktig å bruke bommen ved innkjørsel til skulen, for å ivareta trafikkisikring. Det må vera lettare å få gjennomført det når skuleplassen er asfaltert. Han foreslår eit nøkkelsystem som dei fleste utryknigskjøretøy kan opne. Rektor tar dette med seg vidare.
- Vi vil vektlegge å finne ein god elevstol no når vi skal kjøpe inventar. Vi samarbeider med Sagstad skule og får konsulenthjelp frå arkitektkontor Fortunen. (er arkitektar i prosjektet)

#### 4/17 Resultat Elevundersøking 2016

Sjå vedlegg for resultat indeksar for Grasdal skule, Meland kommune og Hordaland fylke.

Vi skårar 0,0 på mobbing i skulen. Det er veldig bra! Rektor informerer om at ho allikevel har skrivne enkeltvedtak for elevar sitt psykososiale miljø dette skuleåret, og vi arbeider særleg med klassemiljø i 2. og 3.klassesteg.

Skulen skårar høgare enn i fjor på *Læringskultur, faglig utfordring, felles reglar, støtte fra lærerne, motivasjon.*

Skulen skårar lågare på *støtte hjemmefra, mestring, trivsel og elevdemokrati og medvirkning.*

Elevane frå elevrådet kommenterte at det er ein del negativ språkbruk på mellomsteget, som også dei yngre elevane tar etter, for eksempel på veg til bussen. Det kan virke som ein språk- sjargong, men som elevane i ulik grad toler og i ulik grad blir lei seg for. Det er tull og tøys som utartar seg. Det er og enkelte klassar der ein er redd for å gjera feil, og er redd for kommentarar frå lærar og medelevar.

Vi har satt inn tiltak dette skuleåret for å betre elevane sin medvirkning: klassemøte 4.-7.kl på fast tid i timeplanen. Elevane meiner det er for sjeldan Elevråd. Det er mulig at elevane si oppleving av reell medverknad ikkje er så stor.

Disse innspela vil rektor og tilsette ta med seg til drøfting for tiltak i lærarmøte og sfo-møte.

#### 5/17 Ungdomsmiljøet i vår krins – ønske om tilbakemelding på sak frå Ane Bysheim, Kultur – og ungdomskonsulent

- Det er eit aktivt ungdomslag, med minitek, diskotek for litt eldre, Hipp Hopp – dansekurs og spillkveldar for ungdom. Det er mulig dei strevar litt med langtidsplanlegging og informasjon ut til målgruppene. Skulen kan dele ut info ein gong kvart semester, men ikkje for kvart arrangement. Heimesida til skulen kan muligens nyttast meir.
- Betel Pinsemenighet har BTK for ungdom frå 5. kl -- ? med kor, fysisk aktivitet osv. Det er ein møteplass som samlar mange
- Austebygd Fritidspark har laga til mykje fint i Ballbingen – men der er eit dårleg og utrygt miljø Dei planlegg å rydde til og lage BMX-bane og pusse opp . Det er mulig at det er behov for at flerie frivillige vaksne kan vera tilstades og sikre mot uheldig adferd ? Velforeiningar for eks..
- Den nye skuleplassen blir eit fint område å vera i når den er ferdig, - med fotballbane , opplyst asfaltert plass med basketstativ, klatrevegg og ballvegg, og utendørs bordtennisbord.
- Eit forslag som vart fremma i 7.klasse, var å få i gong «Arbeidsstove» gjennom Husflidslag eller Meland Helselag (som har mange ressurspersonar) med formingsaktivitetar og brukskunst.
- FAU har i to skuleår hatt ein periode med Kodeklubb - eit tilbod for 4. – 7.klassingar for å lære Datakodning . Det er 25 elevar som deltok no i januar – februar på to nivå. Initiativtakarar er foreldre som er systemutviklarar. Dei har planar om å fortsette med nye grupper neste år.

Rektor sender særutskrift til Ungdomskonsulentent.

**6/17 Saker frå FAU :**

- Det er i gong ein 17.mai-komite (foreldre i 4. og 5.steg) som arbeider med alternativ stad for arrangementet i bygda denne våren pga utbygginga.
- FAU kan muligens følgje opp sak om å kontakte grunneigarar for å ordne opp i mange rotvelta tre i nærmiljøet.

**7/17 Nytt møte : 30.mai 2017 Møte i skulemiljøutval blir planlagt i tilknytning til eit FAU-møte i vår.**

Med helsing

Irene Hystad Hugaas  
rektor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Bilde\_elevundersøking Meland 2016

Bilde\_elevundersøking 2016

Bilde\_elevundersøking Hordaland 2016

Situasjonsplan med kommentarer 05.02.17

**Kopi til:**

FAU ved leiar Bjørn Knudsen

Reidun Elin Johannessen

Utval for levekår

**Mottakere:**

Bjørnar Leirvåg	Midtsundet 11	5918	FREKHAUG
Elevrådet ved Malin Rasmussen og Nilla Maria Lampa			
Gunn Torill Berge	Heiane 32 A	5918	FREKHAUG
Kjersti Vikebø Nesse			
Maren Fosse Erstad	Melandsvegen 262	5918	FREKHAUG
Serine Iselin Sæterstøl	Ådlandsvegen 953	5918	FREKHAUG
Sindre Grotle	Austre Heiane 13	5918	FREKHAUG
Sølvi Norunn Knudsen			